

Administrasjonsrådet og kongen

Av professor Magne Skodvin,
Oslo

«Administrasjonsrådet under Paal Berg og andre krefter som ikke var flyktet, ville avsette kongen og regjeringen.» Slik står det i Torgrim Rolfsens kronikk, Aftenposten 16. mars. Tittelen er «Til kamp mot historiefortielse». Det må vere på sin plass å minne om ein del kjensgjerningar som i denne samanheng også bør sparas for «fortielse».

Rådet vart konstituert på eit stort og representativt tysk-norsk møte i Videnskapsakademiet 15. april 1940. Paal Berg las Høyesteretts proklamasjon, der det mellom anna står: «I tillit til at Norges Konge vil billige at Høyesterett under de forhåndenværende ekstraordinære forhold har grepet til denne nødutvei, oppnevner Høyesterett som medlemmer av dette midlertidige administrasjonsråd: ...» osv.

Samstundes overleverte Berg eit PM til den tyske minister, der det m.a. stod: «Det er Høyesteretts forutsetning at dette midlertidige administrasjonsråd ikke har noen befatning med utenrikspolitiske spørsmål». Proklamasjonen dikterte Berg i telefonsamtale med den norske minister i Stockholm dagen etter, og la til m.a. dette: «Vi har

overfor den tyske minister uttrykkelig pointert at dette midlertidige administrasjonsråd ikke er noen regjering, men utelukkende en sivil forvaltningsinstitusjon, som ikke har noen politisk funksjon.» Kongen svarte 19. april m.a. at han hadde «full forståing for den nødssituasjon som har fått Høyesterett til å gripe inn for å få dannet et administrasjonsråd ...»

Mange ulike krefter i okkupert område arbeidde i denne tida for å få kontakt med kongen. Dei ynskte nye forhandlingar med okkupanten. Ikkje så få av disse vende seg også til Berg. Om dette skriv Undersøkelseskommissjonen av 1945 m.a.: «Paal Bergs forsiktige, og en kan vel si noe kjølige holdning til kontaktsøkene, har sikkert hatt en vesentlig betydning. Uten hans billigelse var det vanskelig å gjøre noe».

Administrasjonsrådet førde temmeleg utførlege møtereferat. Verken der eller i vedtaksprotokollen finst det noko som helst som kunne brukast til støtte for Rolfsens påstand. På den nasjonalsosialistiske sida er meinngane klåre. Quisling sa t.d. i samtale med Hitler 16. august 1940 at han i april dagane fall som offer for intrigante aktivitetar frå dei gamle partiklikkar. Orvar

Sæther, den gong stabssjef i Rikshirden, skreiv at rådet «så det som sin oppgave å holde den nye tid ute fra Norge». Kommis-sarisk statsråd Skancke: Rådet «ble satt på gaten igjen, ettersom det tydeligvis utelukkende fikk som sin oppgave ikke å føre nøytralitetspolitikk, men å støtte den til London flyktende Ny-gårdsvoldsregjering i deres krig mot besettelsesmakten». Ein av Herman Harris Aalls variantar lyder: «Administrasjonsrådet representerer den forhenværende regjering». Wilhelm Christie, som sto Quisling nær i april dagane, refererte frå ein samtale med medlem av Administrasjonsrådet, Ole Harbek: «Han sa at Administrasjonsrådet hadde ikke grunn til å foreta seg noe annet enn det man visste var i eksilregjeringens ånd».

Lista kunne gjerast lang. Men det passar godt å slutte med eit tyngdepunkt: Adolf Hitler til Gruppe XXIØ, dvs. Falkenhorsts styrke i Norge, 19. april 1940: Administrasjonsrådet er «Organ der geflüchteten Regierung ...».

I ein radiotale frå London 26. august 1940 sa kong Haakon: «... jeg uttaler en varm takk til Administrasjonsrådets medlemmer for det uselviske og oppofrende arbeide de har påtatt seg».

Skodvin m. 29/5/02